



Benedicte Olsen Ludvigsen
Sollia 22
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2004 - 19/29097

Saksbehandlar:
Gerd Karin Isaksen
gerd.karin.isaksen@lindas.kommune.no

Dato:
15.10.2019

Referat frå FAU møte 23.09.19 kl. 18.00 på Seim Skule

Desse møtte:

Rektor Anne Wergeland
1.trinn: Lene Alme og Benedicte O. Ludvigsen
3.trinn: Ingunn Bøkevoll
4.trinn: Kenneth Kolås
5.trinn: Silje Spurkeland
6. trinn: Tom F. Lein

Sak 1:Konstituering av FAU 2019-2020

Leiar: Silje Spurkeland
Nestleiar:
Sekretær: Ingunn Bøkevoll
Kasserar: Lene Alme
2 representantar til SU/SKMU + vara: Silje Spurkeland, Benedicte O. Ludvigsen, Lene Alme (vara),
Kenneth Kolås (vara)

FAU møtet bestemte at innkalling til FAU-møta skal gå til begge klassekontaktane.
Referat frå møta skal sendast til rektor, som vidare sender til begge klassekontaktane.

Sak 2:Informasjon frå skulen

Rektor informerte om Alver kommune, som trer i kraft 01.01.20. Skulen opplever at dei er godt informerte om prosessane og endringane knytt til omlegginga til nye Alver kommune.

Kvalitetsplan for Seim Skule blei delt ut på klasseforeldremøta i september.
Rektor informerte også om FUG sitt info.hefte «Medlem av FAU», og litt om korleis vi kan halde oss oppdatert på aktuelle saker/tema knytt til dette organet. Skulen abonnerer på eit blad frå FUG, som kjem i 2 eksemplar; eitt til skulen og eitt til leiar i FAU.



Det er eit ønske frå skulen at FAU dreg i gong bygging av ballvegg, dette blir ei sak på neste FAU møte.

Sak 3: Saker frå klassekontaktane

Klasseforeldremøta i haust: Gode tilbakemeldingar frå dei som var representerte i kveld.

Forslag frå ein av dei frammøtte om skulen kunne ha brukt det dagsaktuelle temaet «Klimaprojekt» inn i undervisninga. Vi delte tankar rundt dette. Det kan vere aktuelt å ta opp igjen ved eit seinare høve.

Temaforeldremøte vår 2020: Skal FAU ta stilling til tema? Skulen og FAU drøfter ulike tema, og kan foreslå aktuelle problemstillingar. Eksempel på tema kan vere Retningslinjer for nettbruk blant barn og unge, mobilfrie soner og bildedeling på nett.

Julefest 2019: Skulen har komme med forslag om å dele julefesten i to; ein fest for småtrinnet og ein for mellomtrinnet. Dette forslaget skal drøftast vidare på skulen og i FAU. Det går an å tenkje nytt, og lage til eit anna opplegg, t.d. julemarknad, kafé, utstillingar av elevarbeid, i tillegg til elevinnslag. Dei frammøtte på FAU-møtet i kveld var positive til ei endring frå slik som julefesten har vore organisert dei siste åra.

Sak 4: Møteplan for FAU og SU/SKMU

FAU-møter:

Måndag 28.10.19 kl. 18.00

Måndag 25.11.19 kl. 18.00

Måndag 27.01.20 kl. 18.00

Måndag 23.03.20 kl. 18.00

Måndag 27.04.20 kl. 18.00

Måndag 08.06.20 kl. 18.00 – avslutning for FAU 19/20

SU/SKMU-møter:

Datoar ikkje sett, men møta kan med fordel leggjast til fredagar kl. 13.00.

Temamøte for alle foreldre/ føresette:

Måndag 17.02.20 kl. 18.00

Takk for eit kjekt møte, håpar dette vert ein god arena for samarbeid og engasjement for borna våre dette skuleåret!

Ingunn Bøkevoll, ref.

Anne Wergeland